

FAUST

Vi sirtkast inn, nå er han nær!

WAGNER

Det er nok ingen trollhund som står der!
Han knurrar, set seg, trur det vankar ris,
han lograr: alt på hundars vis.

FAUST

Slå lag med oss! Kom her! Kom her!

WAGNER

Så puddeltåpeleg han er!
Når du står stille, ventar han.
Og kallar du, kjem han så fort han kan!
Den kjepp du kastar frå deg, vil han bringe,
ja, like ut i vatnet vil han springe!

FAUST

Du har visst rett, eg ser han er natur
og inga ånd, det heile er dressur!

WAGNER

Ein hund som lærer gode seder,
gjev jamvel lærd mann mange gleder.
La puddelen få vise kva han kan,
her har studentane sin overmann!

Dei spaserer inn gjennom byporten.

Studerkammer

Faust kjem inn saman med puddelen.

FAUST

Eg sa farvel til mark og enger
der alt var gøynt i djupe natt.
Det rørte mine inste strengjer,
ein heilag otte fekk eg att.
Nå er den ville trongen spakna,
med all mi ofselege gjerd.
Ein godhug for min neste vakna,
eg har min Gud og Skapar kjær. –

Ver roleg, hund! Du renn som du gjorde ure!
Fer og snusar på dørstokken min!
Kom, skal du få mi finaste pute,
bak omnen kan du sovne inn.
Vi har sett deg oppe i bratte fjellet,
du byksa og sprang så det var ein fest!
Nå byd eg deg det beste stellet,
som ein velkomen, freidsam gjest.

Når atter lampen står og lysar
med vennleg skin i cella vår,
da kjenner vi at hjarta hysar
ein sanningsfoske rein og klår.
Da vaknar tankens kraft med velde,
og atter blømer nye håp.
Vi får ein lengt mot livsens kjelde,
ja, til den sæle livsens dåp! –

Ikkje knurr silk, hund! Dette hus får du skåne
for den slags ulyd ein heilag time
når mi sjel høyrer klokker kime.
Vi veit at eit menneske helst vil håne
det han ikkje forstår,
at det vakre, sjølv sol og måne,
kan provosere folk til å murre.
Også ein hund må absolutt knurre!

Men akk! eg kjenner meg ikkje heilt på høgda,
eg synest alt eg saknar den fulle nøgda.
Kvi'for må han stogge så brått, denne flammen,
og la oss vansmekte att, med draumen?
Her sit eg inne med lang erfaring!
Men brest på fullnad let seg erstatte:
det overjordiske veit vi å skatte,
vi lengtar etter openbaring,
og fagrare lys var aldri tent
enn i Det Nye Testament.
Nå brenn eg etter å få bla i
den heilage originalen,
og setje om den greske talen
til tysk, det tungemål eg er så glad i.

Han opnar ei bok og gjer seg klar.

«I opphavet var *Ordet*.» – Inga hast,
men alt i første linje står eg fast!
Eg ser på *ordet* som ei rein forblending –
Eg prøver med ei anna vending,
så sant eit åndens lys vil leie meg.
«I opphavet var *Tanken*.» – Tvikar eg?
Det første verset er så viktig,
gje pennen tid, så blir det rett og riktig!
Kan *tanken* få det heile til å gå?

«I opphavet var *Krafta*», bør det stå!
I same stund som eg vil skrive dette,
innsér eg at det ikkje er det rette.
Men ånd kjem meg til hjelp! Nå veit eg råd,
nå skriv eg tilfreds: «I opphavet var *Dåd!*»

Hald opp med bjett og hyl og janner,
om vi skal dele kammer!
Hald opp å gnåle!
Eg kan på ingen måte tole
at du kjem her og lagar leven.
Ein av oss blir driven
ut av denne kleven!
Nødig gjer eg meg ugjestmild,
mi dør er open, løp om du vill –
Nei, nå gjev eg meg over!
Bryt han naturlege lover?
Ser eg skuggar? Det gjer meg perpleksi!
Min vesle puddel veks og veks!
Nå er han tjukk og rund:
Det der er ingen alminneleg hund!
Å, for eit skrømt eg tok inn her!
Den reine flodhest, kjempesvær,
med flammende augo og skremmeleg gap.
Men eg driv ikkje ap!
Ein helvetes bastard som han
får Salomonis nøkkel-bann.

ÅNDER

The på gangen.

Nokon er fanga der inne!
Bli her! Ingen må forsvinne!
Sit som i ei reveasaks
helheims gamle Lurifaks.

Vi sviv forbi!
Att og fram i vide ringar,
store svingar,
snart så har han gjort seg fri.
Uran vår skare
er han i fare!
Han har lagt oss mange
små gleder i fanget.

FAUST

Først tar eg Dei Fire i munnen,
så kan eg mane bort hunden:
Salamander skal skimre,
Undine skal tvinne,
Sylfide forsvinne,
Kobolt skal flimre.

Den som er kjent
med kvart element,
og har kome nær
krefrene der,
kan kunsten å byde
ånder å lyde.

Forsvinn i loge,
Salamander!
Inn i den brusande våge,
Undine!
Lik ein meteor du skine,
Sylfide!
Syn di huslege side,
Incubus! Incubus! Kom over kneikent!
Stig fram og gjer slutt på leiken!

Desse er det ikkje
som rår i denne bikkje!
Den ligg der med eit glis om snut,

vi må nok til med sterkare lurt!
Du skal få kjenne
at ord kan brenne!

Kjem du frå djupet
av helheims-stuper?
Du ser dette teiknet:
her må dei bleikne
dei mørke makter!

Nå reiser han bust, med farlege fakter!

Ditt vonde vettel!
Tyder du dette?
Han som er uran like,
av æva utsprungen,
nedsend frå himmelens rike,
av niding gjennomstungen?

Galdra til omnskrå-fant,
svulmar lik ein elefant,
fyller rommet med sin kropp,
flyt ut i ein stor, våt flekk.

Men ikkje strekk deg lenger opp!
Legg deg ved meisterens føter! Dekk!
Eg gjer nok ingen truugsel til skamme,
eg skal svi deg med ein heilag flamme!

Så ikkje vent
til lys med trefald glo er tent!
Ja, ikkje vent
til det går frå vondt til verre!

*Tåka kværn. Fram frå omnskroken kjem Mejistofelas,
kledd som ein farnande skolar.*

MEFISTOFELLES

All denne larm! Til teneste, min herre!

FAUST

Så det var hundens kvintessens!
Ein farande skolas! Eit komisk kasus, dette!

MEFISTOFELLES

Den lærde herre får min reverens!
De fekk meg faktisk til å svette!

FAUST

Kva er ditt namn?

MEFISTOFELLES

Eit spørsmål altfor smått
for ein som knapt held *ordet* høgt i ære,
som krev at ting skal bli forstått
og vere det dei *synest* vere.

FAUST

Hjå deg og dine er som regel
eit namn den reine sanningsspegel,
for det er lett å lese der
kva Fluekonge, Tynar, Løgnar inneber.
Og du da, kven er du?

MEFISTOFELLES

Ein del av krefters spel,
som stendig *vil* det vonde og må *gjere* vel.

FAUST

Kva tyder dette gåtefulle ord?

MEFISTOFELLES

Eg er fornærings ånd på jord!
Såg helst at alt som er blitt til, fall bort,
ja, gjekk til grunne ganske for!
Eg toler inga forn for skaping.
Men alt de kallar synd, forrøping,
kort sagt: det vonde – er som kjent
mitt eigenlege element.

FAUST

Du kallar deg ein del, men står her heil for meg?

MEFISTOFELLES

Ei blygsam sanning gjev eg deg.
Når mennesket, den vesle narreverd,
står fram som heilskap både her og der:
Eg er ein del av delen som ein gong var *alt*,
ein del av mørkret som gav dagens lys gestalt,
det lys som nå gjer Moder Nat
den gamle rangen, rommet, stridig att.
Det lykkast ikkje heilt, for lyset fangast opp
og sit som klistra til ein kropp.
Det strømer ut av kroppen, gjev han glans,
men kroppen hemmar det i floget.
Eg håper det går med i soget
når kroppen får sin endelege stans.

FAUST

Ei oppgåve som er deg verdig!
Det store får du aldri ferdig,
så prøver du deg i det små.

MEFISTOFELLES

Og lite har eg der fått gjort til nå.

For enda eg har gjort mi plikt,
eg hamlar ikkje opp med slikt
som veltar «Ingening» av lasset
med «Noko», denne plumpe masse.

Eg laga jordskjelv, storm og brann,
men like grunnsoolid ligg hav og land!
Og folk og dyr, fordømte kryp, ynglar støtt,
det berre veltar fram som lava!

Kor mange har eg lagt i grava,
og stadig sirkulerer blodet friskt og rødt!
Slik vil det halde fram, ein kunne sprekke!
Og tusen frø i rad og rekke

skyt fram av vatn, luft og jord,
i tørke, væte, kulde, varme!

Eg sat her som den armaste av arme,
om ikkje flammen var mit bord.

FAUST

Du set ein iskald djevle-neve
som fåfengt knyter seg til strid,
opp mot dei kretrer som vil leve
og skape liv til evig tid!
Du underlege son av Kaos,
prøv heller på ein annan kant!

MEFISTOFELLES

Vi skal la etterranken ta oss,
og tale meir ein gong i blant!
Eg kan vel trekke meg atende?

FAUST

Eg skjønar ikkje kvi du spør,
slik eg nå lærte deg å kjenne.
Her er eit glas, og der ei dør,

ein skorstein kan du òg forsera.
Så kom, du, når det passar deg.

MEFISTOFELLES

Her må eg tilstå: Skal eg avspasera,
så er det ein detalj som hindrar meg:
den stjerna der ved inngangsporten –

FAUST

Er pentagrammet eit problem?
Inn kom du, ånd av verste sorten,
kan *du* bli ført bak lyset der du kjem?
Er ikkje helheims makt ubendig?

MEFISTOFELLES

Sjå nøye etter! Det er ufullstendig:
Den eine vinkelen er open der,
eg var for så vidt litt uheldig.

FAUST

Det var i så fall heilt tilfeldig!
Og du er liksom fange her?
Eg seier berre ja og amen!

MEFISTOFELLES

Eg merka ingen ting der inni puddelhamen!
Tilfellet er snudd om til sut:
som djewel kjenn eg ikkje ut!

FAUST

Men kva med vindauga i koven?

MEFISTOFELLES

For skrømt og djevlar gjeld den same loven,

at der dei smyg seg inn, der må dei også ut.
Det første står oss fritt, det andre held på forner.

FAUST

Sjølvs helvete har sine normer?
Det lyder lovande; ein liten pakt
var kanskje på sin plass, med dykt demonar?

MEFISTOFELLES

Visst held vi ord, til verdige personar,
og endrar aldri ein kontrakt.
Men dette må vi ha litt tid på,
og diskutere opp og ned.
Men gje meg fri i dag, eg bed
så tynt; vi talast når det lid på.

FAUST

Så bli her denne augneblinken enn,
og gje meg kveik til nye dystrar!

MEFISTOFELLES

Nei, slepp meg ut! Eg er her snart igjen:
da kan du spørje alt du lystar!

FAUST

Eg har kje lurt deg hit i kveld,
du gjekk i garnet sjølv, min herrel!
Hald fast på fandan, den som held!
Å fange han for andre gong, det kan bli verre!

MEFISTOFELLES

Vel, er du selskaps sjuk, da er det greit,
eg kan så gjerne slå meg til her;
på visse vilkår, særleg eitt:

eg viser mine kunster som eg vil her!

FAUST

Ja, du kan berre ture fram,
så sant din kunst er hugnadsam!

MEFISTOFELLES

For sinn og sansar vil du vinne
langt meir, min venn, ei stund her inne,
enn gjennom år i same kram.
Små tussar syng med linne læte,
og vev dei vakraste bilete,
alt anna enn eit hildrespel.
Så søt ein ange vil du ane,
og godsmak kittar tørstig gane,
så du blir både ør og sæl.
Her trengst det ingen om og men,
og vi er saman, – kom igjen!

ÅNDER

Kverve, du dunkle
kvelving der oppel!
Blidleg den blåe
eteren skode
ned til oss her!
Gjev alle dunkle
skyer vil svimmel!
Stjerner skal funkle,
soler så linne
lyser og ler.
Himmelske hærar
sviv gjennom sfærar,
duvar lik bølger,
flimrande lette;

lengselen følger
svimrande etter.
Flagrande foldar
høgt over kollar,
ut over vollar,
lauvet, der ljuve
elskande dveler
i djupe tankar,
toeine sjeler
æveleg juvel!
Lauvtunge rankar!
Drue på drue
vinperse-kvate,
piplar i fatet,
fossar og fløymer;
vinbeker strøymer,
renn over gråstein,
rislar i småstein,
silddrar langs knatten,
syrtrar frå høgda,
veks til eit vatn,
nærere av nøgda
grønande enger.
Alt som har venger
drikk det dei lysrar:
sofagare kystar
ligg der og lokkar,
lys-øyar gidrar,
og fugleflokkar
flaksar og kvitrar.
Songane susar,
jubelkor brusar,
alle trer dansen,
gløder i glansen,

kvervlar nedetter
blømande sletter.
Somme vil vandre
langsetter stupet,
symje dei andre
nede i djupet,
somme vil sveve:
alle vil leve,
set at ei stjernerne
blenkjer i fjerne,
salige tjeid.

MEHISTOFELLES

Han søv! Godt gjort, små, luftige demonar!
Nå er han lulla inn i tonar!
Ein slik konsert set meg i evig gjeld.
Enn bind du ikkje fanden, men eg veit du kan det!
Så lokk han inn i lyse draumelandet,
og søkk han ned i vildtrings hav!
Ei rotterann kan bryte terskel-bandet,
omsider får eg stikke av.
Så lenge treng eg ikkje byde:
der er det ei som tassar alt, ho vil nok lyde!
Eg, herre over rotter, mus,
samt fluger, froskar, løpper, lus,
eg byd deg kome fram på flekken,
og gnage, utan å ta skrekken,
der eg nå dryp ein ojeskveitt –
Sjå det, du kjem med hopp og spretti!
Så set i gang! Den spissen heilt der framme
var det som gjorde meg til skamme.
Gnag ein gong til, så går det glatt! –
Ja, berre liggg og drøym du, Faust, til eg kjem art!

FAUST
waknar.

Er eg da narra andre gongen?
Var heile djevelen eit draumesyn?
Var alt bedrag? Den sæle åndesongen,
og puddelen – eit blaff, eit lyn?

Studérkammer

Faust · Mefistofeles

Det bankar på dørra.

FAUST

Kom inn! Uff, ingen fred å få! Kven er det?

MEFISTOFELLES

D'er eg!

FAUST

Kom inn!

MEFISTOFELLES

Tre gonger, takk, så ber det!

FAUST

Kom inn, da!

MEFISTOFELLES

Det var skikkeleg!

Vi skal nok finne felles verde;
til helvete med alt det lærde!
Som adelsjunker ser du meg:
i purpurdrakt med gull i snora,
ei kappe som er silkeføra,
ein festleg hatt med hanefjør,
og denne lange, spisse klinge –
Nå synest eg du også bør

ta stasen på og la det svinge!
Så lett og ledig snor du deg
og lever livet, endeleg!

FAUST

Eg vil nok kjenne meg forpint og tung
i all slags kledebon, diverre,
for gammal til å leike, berre,
i lyst og lengsel like ung.
Kva byd vel verda meg å smake?
Forsake må du, ja, forsake!
Det er det evige refreng
som syng i øyra natt og dag,
som følgjer oss frå bord til seng,
og kling med kvart eit klokkeslag.
Eg vaknar skjelven, om og om igjen,
eg kunne gråte strie strannar
ved synet av den nye dag som renn
med evig, evig uopplylte draumar,
som dempar sjølv den minste lyst
med flisespikkingane sine,
og kjøver gløden i mitt bryst
med tom og kvardagsgrå rutine.
Og angsten blir eg heller ikkje kvitt
i nattemørke sengekove,
eg plagast jamt av mareritt,
finn inga ro når eg skal sove.
Den gud som bur i hugen min,
kan røre strengjer i mitt inste,
men på det ytre plan, der er han blind,
der maktar ikkje han det minste.
Mitt steg er blytungt der eg kliv og kliv,
vil heller døy, eg hatar dette liv!

MERISTOFELLES

Men døden er da svært så ønskt der han sviv ...

FAUST

Å, sæl er den som døyr i sigersglansen,
med blodig laurbærkrans om augnekvartmar,
og den som midt i ville dansen
får ande ut i kvinnearmar!
Å, gjev eg kunne late augo art
og svimre under åndekraftal!

MERISTOFELLES

Og enda var det ein i hine natt
som ikkje drakk den brune safal!

FAUST

Du spionerer visst som berre det.

MERISTOFELLES

Eg veit nok neppe *alt*, men mykje får eg med.

FAUST

Ein velkjent tone dåra sinnet
og drog meg opp av dødsens gru
med atterklang av lyse minne
og siste rest av barnetru:
Forbanna vere alt som talar
med lokketonar til mi sjel
og driv meg ned i døkke dalar
med jugl og gjøl og narrespel!
Forbanna alle høge tankar
som ånd har om sirt eige verd!
Forbanna blendverks blomerankar
som slynger seg om sansegerdi!

Forbanna draumar der vi lysar
og trur vårt namn har ewig liv!
Forbanna alt vi eig og hyser,
frå gard og grunn til barn og vivi!
Forbanna Mammon, som kan egge
ein mann til død med gull i fleng,
og sidan få han til å legge
seg makeleg på mjuke seng!
Forbanna balsamsaft i drua!
Forbanna livsens kjærleiksfest!
Forbanna vere håpet, trua!
Forbanna tolmmod aller mest!

KOR AV ÅNDER

usynleg.

Vel! Vel!

Du har rive ned
det fagre hus
med di veldige hand,
nå fell det i grus!
Ein halvgud tok det av dage!
Og vi må jage
restrane over i Ingenmannsland
og klage
over ei verd som er faren.
Du hævaste
i jordsøn-skaren,
det gjævaste
kjem andre gongen,
så bygg ei verd i ditt eige bryst!
Mot ein annan kyst
skal du styre
med sansar så yre!
Da ljomar songen
med liv og lyst!

MERISTOFELLES

Mine små vette
ber fram dette.
Gammalkloke gjæv dei råd,
manar til dådt!
Vil lokke deg
ut av einseinds veg,
som formørkar sansar og sinn
så saftene tørkar inn.

La denne mishug-leiken ende!
Du tærest opp av gribbar, innanfrå.
Du er eit menneske, der får du kjenne
blant folk du knapt vil helse på.
Men eg skal spare deg
for det aller verste pakkert.
Om du nå vil ta til takke
og slå lag med ein som meg,
– rett nok ikkje av dei største,
vil eg gjerne bli den første
til å gå ved di side
i verda den vide.
Du kan lire på meg:
din følgesvein vil tene deg!

FAUST

Kva krev så du at eg skal gjæ attende?

MERISTOFELLES

Den tid, den sorg! Du får ein romsleg frist.

FAUST

Nei! Fanden er og blir ein egoist,

som aldri går ein mann til hende
for Guds skuld, det skal vere visst.
Eit vilkår har du nok: spytt ut!
Slikt tenarskap gjev lovleg grunn til sut.

MEFISTOFELLES

Eg underlegg meg hermed dine lover
og lyder *ber* det minste vink frå deg.
Men når vi møtest att der over,
skal *du* få lov å tene *meg*.

FAUST

Ei anna verd har ingen vunne;
men let du *denne* gå til grunne,
da kan den andre sleppe til.
Eg har mi glede her på denne side,
og denne sola skin på all mi kvide.
Men eingong må eg hoppe i der:
La kome kva som kome vill!
Kva så? Det same kan det vere
om hat og kjærleik følgjer med,
og om vi òg i hine sfære
må skilje mellom «opp» og «ned».

MEFISTOFELLES

Med slike tankar kan du våge spranget.
Slå til! Eg gjev deg gleder, fulle fanget,
du skal få røyne kva eg kan,
og skode meir enn nokon annan mann.

FAUST

Kva kan du, arme djevil, by meg?
Som om du fattr ånd, og liksom skulle bry deg

med høge hugsmål, rett og slett!
Men har du mat som aldri gjer meg mettr?
Det røde gull, som kvikksølv-lett
glid gjennom opne hender og forsvinn?
Eit spel der aldri nokon vinn?
Ei møy som ennå i min famn
vil blunke til den neste ho har funne?
Den sæle frygd i heidersnann,
ein meteor i lys-sekunder?
Syn meg den frukt som rotnar framfor deg,
og tre som dagleg kjem med grønne greiner!

MEFISTOFELLES

Slikt oppdrag skremmer ikkje meg,
eg har dei skatrane du meiner.
Min venn, ein vakker dag, og det litt fort,
skal vi to gasse oss i gode saker!

FAUST

Den dag eg ligg tilfreds på latseng, og det smaker,
da er det slutt, da er det gjort!
Om du kan dåre meg med smiger,
så eg blir nøgd med den eg er,
om løgn og lyst kan vinne siger,
da vil eg vere døden nær!
Eit veddemål?

MEFISTOFELLES

Slår till!

FAUST

Mitt handslag her!
Den dag eg seier til sekunder:
Å, sæle stund, stå stille nå!

da går eg like godt til grunnne,
da legg eg meg i jern og slå!
Da helsar eg min siste time,
og da, Mefisto, får du fri,
da kan mi gravferdsklokke kime,
da er mi tid på jord forbi!

MEFISTOFELLES

Vel, tenk deg om! Vi gløymmer ikkje dette!

FAUST

Ta meg på ordet, gjer så vell!
Eg var dummdristig, kanskje, men med rette:
Eg gjer meg gladeleg til træl
så sant mitt krav kan la seg strettel!

MEFISTOFELLES

Du skal på doktorfest i kveld, på kro,
eg stiller opp, nå har eg gløden!
Stopp litt! – Her gjeld det livet eller døden,
eg treng ei linje eller to.

FAUST

Du krev der skrivne ordet, din pedant?
Du har visst aldri fått eit æresord i pant?
Nei, ta innom det *talte* ord med takk,
for det står fast, eg er min eigen herrel!
Ein lovnad skulle halde meg i sjakk,
mens heile verda rasar verre?
Vi har nå eingong den slags tankespinn;
gjev nødig avkall på vår eiga ære.
Sæl den som såleis eig eit trufast sinn,
han ofrar kva det skulle vere!

Men alle skyr ei underskrift som evig bind,
i pergament er eit skrømt på ferde!
Med pennen kan eit ord bli slakta,
kalvskinn og innsegl sit ved makta. –
Kva vil du med ditt djeleflir?
Malm? Marmor? Pergament? Papir?
Med griffel, meisel, fjørpenn skal eg skrive?
Sei berre frå, det står deg fritt.

MEFISTOFELLES

Å nei, så hissig du er blitt!
Her må vi ikkje overdrive.
Ein liten lapp er meir enn god.
Så kan du underteikne med ein drope blod.

FAUST

Om det kan gje deg nattero,
så skal vi slutte med å kive.

MEFISTOFELLES

Blod er ei ganske særleg saft.

FAUST

Ver ikkje redd at eg skal bryre bandet!
Eg skal nok satse all mi kraft
og halde ord, det får du sanne.
Nå høyrer eg i hop med deg.
Eg var ein oppblåst arming før,
den store jordånd vraka meg,
naturen strengde art si dør.
Min sterke tanketråd har rivna,
og all min vitetrong er stivna.
Gje meg ein svimrande sanserus
der eg kan svale det heite blodet!

Og la miraklets morgonrode
forylle dette mørke hus!
Vi kastar oss ut i eit tidbølgebrus,
får kjenne dette store sus!
Så let vi vårt ve og vel,
vår harme og vårt hell
ustanseleg skifte, som best det kan:
Ein rastlaus hug gjer ein mann til mann!

MERSTOFELLES

Da gjer De som De finn for godt,
og ser kva De kan raske med Dykk
– vel unnt! – av det som måtte gle Dykk!
Og vis Dykk ikkje som ein fjort!
Grip tili! Ver aldri nøgd med lire!

FAUST

Der er kje glede eg vil ha, må vitel!
Eg gjev meg virvelen i vald, den vonde lyst,
og kjærleiksharet, hugleg harm i bryst.
Mi siel som nå er løyst frå lærdoms lover,
ligg open for all smerte og vil lindre.
Og alt som livet deler ut av gåvter,
skal også skine i mitt eige indre.
Det høge som det djupe vil eg kjenne,
folks ve og vel får hjarta til å brenne.
Mitt Eg blir såleis eitt med andres Eg omstunder,
som dei skal også eg til sist gå under!

MERSTOFELLES

Tru meg, som gjennom alle tusenåra
fekk trygge denne harde føde:
Ingen, frå vogga og til båra,
har melta gammal surdeig utan mødel!

Og vit: den heile, fulle sanning
er laga berre for ein gudi!
Oss dreiv han ut i mørker og forbanning,
og sveipte seg i evig stråleskrud,
mens natt og dag er dykkar nord og sud.

FAUST

Eg vill!

MERSTOFELLES

Det tener Dykk til ærel!
Men eg er redd dei store sprang:
Vår tid er kort, og kunsten lang!
Eg reknar med at De vil lære.
De allierer Dykk med poetar,
let ein av desse falle i tankar,
og alle fine kvaliteter
på Dykkar vørde isse han sankar:
ei løves mod,
den raske hjortefot,
den sudlandsk heite, ville blod,
den nordisk seige rot.
Han finn den formel som kan krytze
storsinn saman med list og lyre,
slik at De står i fyr og flamme
og enda held Dykk til programmet!
Slik herre hadde eg gjerne på beite.
Herr Mikrokosmos skulle han heite.

FAUST

Kva er eg da, om det er uråd her
å få den krone alle sansar
vil søke heilt til hjarta stansar?

MENSTOFELLES

Du er i røynda – det du er.

Set på deg ein parykk med millionar lokkar,
stig opp på alenhøge stylestokkar,
du er og blir just det du er.

FAUST

Å, fätengt har eg fått dei til å fløyme
mot meg, dei skattar manneånd har skapt!
Eg kjenner ingen nye krefter strøyme,
sit berre her og ser at alt er tap.
Eg kom ikkje ei hårsbreidd lenger,
fekk aldri slå ut ævevenger.

MENSTOFELLES

De ser på ting, min gode herre,
slik folk er vane med å sjå.

Vi må nok skjerppe oss, diverre,
før livsens gleder flyg heftfå.

Det er som pokker! Fører, hender,
og hovud, ende, alt er ditt;

men nyr eg det som livet sender,
er det da liksom mindre mitt?

Seks spreke hingstar styrker meg
når eg kan kostre på meg slike.

Med fireogtiue bein eg legg i veg,
ein kar med krefter utan like.

Jag alle djupe tankar bort!

Vi reiser ut i verda! Fort!

Ein fyr som spekulerer dag og natt,
er lik ein okse ført i tjoret

av ein demon, blant visne strå og kratt,
og rundt omkring ligg saftigrøne jorde.

Kva gjer vi så?

FAUST

MENSTOFELLES

Vi rett og slett forsvinni!

Her driv du på, dag ut dag inn,

og plagar livet av elevar.

Kva har du att for alt du strevar?

Når nabo Vom får overatt,

slepp du å treske halm så sveitten piplar.

Det beste lyr du halde att,

det blir for sterkt for små disiplar.

Det står forresten ein der ute!

FAUST

Eg ortkar ikkje, la oss gå!

MENSTOFELLES

Han står og ventar, strakkars guten,
og gode råd, det skal han få.

Kom, lån meg dine doktorklede,
dei kler meg sikkert framifrå.

Hann kler seg ut som Faust.

Så blir det meg ei utsøkt glede

eit kvartars tid å spele klok og lærd.

Går du og gjer deg klar til evenyrlig ferdi!

Faust ut.

MERISTOFELLES

i Fausts forside kappe.

Gje vitenskap og fornuft det glatte lag,
sky alt av ånd frå denne dag!
Fyll hugen din med hildresyner
og løgn og blendverk så det lyneri!
Da vil du ganske snart bli min!
Eit sinn som sprenger grenser er han gjeve,
det er den lægnad han har kalla sin.
Og størt og stradig må han streve,
utan å sjå at jorda skin.
Nå skal han endeleg få leve,
eg gjer han ordinær og sunn!
Han skal få sprelle, glane, beve,
og over grådig, open munn
skal overdådig mat og drikke sveve.
Så kan han tigge til han svelt i heli!
Og hadde eg han ikkje i min hole neve,
gjekk han til grunne likeveli!

Ein student kjem inn.

STUDENTEN

God dag! Her kjem ein ny student,
vørdsam og ikkje lite spent.
Ville gjerne helse på min lærar,
den mann som heile byen ærar.

MERISTOFELLES

Så høfleg De er da, unge venni!
Her ser De ein mann som andre menn. –
Har De elles fått sett Dykk om?

STUDENTEN

Det var for å få råd eg kom.
Eg kjenner det kriblar i mitt blod,
har flust med pengar og pågangsmod.
Ho mor ville mest ikkje sleppe meg frå seg,
men lærdom er det verdt å koste på seg.

MERISTOFELLES

Da står De ved den rette port!

STUDENTEN

Når sant skal seiast: eg vil bort!
I desse murar, desse salar
finst ingen ting som til meg talar.
Her er så mørkt og innestengt,
eg vil forgå av utferslengt.
Så sit eg der på harde benker
og snautt nok høyrer eller tenker.

MERISTOFELLES

Alt blir ein vane, skal De sjå.
Eit nyfødt barn tar ikkje bryst
godvillig, men det smakar på
og smattar snart av hjartans lyst.
Ved visdomsbrysta får De kjenne
den meirsmak som er utan ende.

STUDENTEN

Om halsen Dykkar heng eg meir enn gjerne;
men sei meg, korleis kjem eg til ei stjerne?

MERISTOFELLES

Før De går vidare, fortel
kva fakulter det er De vel.

STUDENTEN

Eg vil bli sprenglærd, finne svaret
på mangt som ingen kan forklare,
og kva som heldt det heile saman,
i himmelrommet og på jord.

MEFISTOFELES

Da er De på det rette spor;
men la Dykk ikkje løkke av gaman.

STUDENTEN

Nei, ikkje denne karen her!
Eg les og les for harde liver.
Men sommars tid, i vakkeret vêt,
da vil eg berre gå og drive.

MEFISTOFELES

Bruk tida godt, ho flyg så fort av garde!
Med sjølvtruk er det ingen fare.
Eg minner om den gamle skikk
å ta eit kursus i logikk.

For ånd har godt av streng dressur,
ja, kanskje rett og slett tortur!
Og da, når vegen ligg der rak,
skrid tanken fram i ro og mak,
og flakkar ikkje vilt omkring
lik vettelys i heksering.

Da vil De sjå at mat og drykk
og alt som var ein leik for Dykk,
det må De forandre, så alt kan skjje
i faste former: ein! to! tre!
Slik tankeverksemd er rett og sterk
som var det eit vevarmeisterverk:
Eit trø, og tusen trådar flyg,

og skytlane rasar fram og attende,
i løynd gjer trådane sitt vende,
og tusen mønster på slaget smyg.

Ein filosof vil stå fram her
og prove at det er som det er:
Punkt 1 er silk, punkt 2 er silk,
og såleis 3 og 4 silk,
og fanst det ingen 1 og 2,
laut 3 og 4 gå til ro.

Den slags står høgt i kurs blant elevar,
men ikkje ein einaste ein blir vevar.
Først den som kvittar seg med ånd og tanke,
kan kjenne livsens pulsslag banke.
Da har han delane i si hand,
det vantar berre eit åndsens band.
Enchevrein naturæ seier kjemien,
merkar slett ikkje sjølvironien.

STUDENTEN

Eg har litt vondt for å forstå.

MEFISTOFELES

Det vil nok gå betre, skal De sjå,
når De har lært å redusere
og tilbørlig klassifisere.

STUDENTEN

Eg kjenner meg så overrent,
det går trill rundt for ein stakkars student.

MEFISTOFELES

Og sidan, etter all logikken,
da bør De ta fart på metafysikken!
Djupsindig kan De fange opp

det som er større enn vår kropp!
Eit supert ord vil stå parat
når noko stemmer akkurat.

Men prøv nå først eit halvt års tid
å kvesse tankane, med fliid!
Fem forelesingar per dag,
og kom på første klokkeslag!
Ver grundig budd på førehand,
pugg setningar som best De kan,
følg med i timen og sjå til
at alt blir sagt slik læreboka vill!
Mens De noterer villig vekk,
som var det gudsens ord De fekk!

STUDENTEN

Ja, De kan vere trygg, eg skal nok skrivje!
Eit nyttig råd, som fanner vidt,
for det som står der svart på kvitt,
kan ein ta med seg ut i livet.

MEHISTOFELLES

Men De må velje fakultet!

STUDENTEN

Tjå, det juridiske . . . det freistar ikkje særleg.

MEHISTOFELLES

Eg skjønar Dykk, om eg skal vere ærleg,
eg følgjer nøye med på det gebet.
I alle år har folk fått erve
den pest dei kallar lov og rett,
som aldri ser ut til å kverve,
som går igjen frå ætt til ætt.
Fornuft blir tøv, velgjender grove:

Du står som ætling under dom!
Den rett vi fekk i voggegåve,
vil aldri nokon tale om.

STUDENTEN

Min avsky berre aukar på.
Å, heldig den som De gjev råd!
Teologi vil kanskje vere tingen?

MEHISTOFELLES

Eg fører ingen på villspor. Ingen!
Den vitenskap er av slik natur
at folk kan lokkast ut på gale vegar.
Der ligg det nennleg mykje gift på lur,
og denne liknar til forveksling det som legar.
Så hald Dykk helst til *ein*, følg blindt i dette spor,
ja, sverg til herr magisters ord,
kort sagt, til *ord* – av rette sorten!
Da går De garantert inn porten
til full forvissings heilagdom.

STUDENTEN

Men utan *tanke* er all tale tom!

MEHISTOFELLES

Sant nok! Og likevel, her er det ingen fare:
Når tankegods er mangelvare,
kan nettopp ordet fylle dette tomme rom.
Med ord får du ein herleg krangel,
og bygger opp system av skrangel,
eit ord er framifrå å tru på,
ikkje ein tøddele av det kan du snu på.

STUDENTEN

Tilgje meg at egg heftar Dykk så lenge,
men nye spørsmål melder seg.
Har De eit vektig ord til meg
om medisin, det kan egg trenge.
Tre år er overkommeleg,
men gudi! ein livslang lærevegl!
Eit aldri så litte fingerpeik,
da går det kanskje som ein leik.

MEHISTOFELLES

før seg sjølv.

Nei, la meg spele djewel att,
den preikeronen gjer meg matri!

Høgt.

Den edle legekunst er lett å lære!
Eit stor, ei lita verd, studdér eit tak,
og la til sist det helle vere
Vårherres sak.

All viskap er ein omveg, fáfengt er De flink,
kvar einskild lærer berre det han kan.

Men den som grip ein augneblink,
han er den rette mann.

De er ein staut og kraftig kar,
minst like dristig som dei fleste,
og trur De sjølv på det De har,
vil alle tru De kan det meste.

Små fruentimmer må De takle!
De får kurerert på ein-to-tre
det akk-og-ve

som dei ustranseleg må kakle!
Spel passe dydig; med litt flaks

så har De dei på kroken straks.
Ein tittel hjelper godt i opningfasen,
det garanterer førsteklassess fag.
Til velkomst fer De over helle suppedassen
som andre siklar etter år og dag.
Så tar De pulsen, tidt og ofte.
Legg armen om den slanke hofte
og kjenn kor stramt ho snører seg.
Det er ein leges privileg!

STUDENTEN

Ja, det var andre boller! Egg ser veggen nå.

MEHISTOFELLES

All teori, min kjære venn, er grå,
og grønt er livsens gylne tre.

STUDENTEN

Eg er som i en draum, der alt kan skjje!
Og sidan vil egg, med respekt å melde,
få drikkje meir av Dykkar visdomskjeide?

MEHISTOFELLES

Det egg kan makte, ordnar seg.

STUDENTEN

Egg vil så nødig gå min veg
før De er snill og skriv eit ord til minne,
som egg kan legge meg på sinne!

MEHISTOFELLES

Ja visst.

Han skriv i boka og gjev den tilbake.

STUDENTEN

ler.

Eritis sicut Deus, scientes bonum et malum.

Let boka andekig att og tar farvel.

MEFISTOFELLES

Følg du det gamle ord, og følg min frende, slangen.
Din gudelikkskap gjer deg forpint som livstidsfangen!

Faust kjem inn.

FAUST

Kvar skal vi nå ta vegen?

MEFISTOFELLES

Dit du ønskjer mest!

Den vesle verda først, den store nest.

Det blir eit kurs i idel glede,

du skal få boltre deg der nede!

FAUST

Det lange skjegget plagar meg,

eg lever langt frå lysteleg,

har aldri gått med løfta panne;

her hjelper ingen opplegg, alt vil strande.

I lag med folk blir eg perpleks

og full av mindreverdskompleks.

MEFISTOFELLES

Å, berre vent, det kjem nok andre tider:

Med sjølvvillit kan du ta livet lett omsider.

FAUST

Men korleis kjem vi ut av huset?

Kvar har du hest og vogn og dreng?

MEFISTOFELLES

Mi kappe har det store suset,

den ber oss over mark og eng.

Bagasjen kan du spare deg

ved dette vågelege steg.

Eg pakkar ned litt flammeluft i sekken,

da lettar vi – og det på flekken.

Di lettare, di fortare vi sviv –

Eg gratulerer med ditt nye liv!

Auerbachs kjellar i Leipzig

Ein gieng med svinebrør.

FROSCH

Tøm glaset, folkens! Fram med låtten!
De ser meg ut som de sat i kasjotten!
Ein fuktig høydort er alt det de er,
står elles i brann både her og der.

BRANDER

Dott er du sjølv, det er di eiga skuld.
Finn på litt faenskap og tøys og tull!

FROSCH

tømmer eit glas vin over hovudet på barn.
Her har du litt av kvart!

BRANDER

Ditt svini!

FROSCH

Du bad om svineri! Meir vini!

SIEBEL

På dør med alle som vil slåss!
Nei, syng ei vise, skrål og skål med oss!
Tjo hei og hå!

ALTMAYER

Eg er aldeles frå meg!
Finn bomull! Fyren sprenger øyro på meg.

SIEBEL

Ein kraftig bass kjem til sin rett
når høge kvelv gjev gjenlyd i eit sett.

FROSCH

Så sant! På dør med den som ikkje toler skjemt!
Tralalal!

ALTMAYER

Falleri! falleral!

FROSCH

Ja, så var strupen stemt.
syng.

Kya er det vel som held i hop
Det Heilage Romerske Riket?

BRANDER

Fy faen for ei visel Politikk!
Det verste våsl! Takk Gud at ikkje silke
som oss må styre heile dette store riket!
Eg slepp å vere keisar eller kanslar der,
det ser eg som eit svinhell især!
Men svirelaget vårt må ha ein pave,
ein leiari som kan fylle kravet.
Det går på kvalitet, som kjent.
Kven blir vår nye president?

FROSCH

syng:

Flyg ut, flyg ut, fru Natteggall!
hels kjærasten min i grønan dall!

SIEBEL

Hald kjef! Eg orkar ikkje høyre om den jentat!

FROSCH

Og kyss på truten! Eg var aldri den som ventat!

syng:

Skvyn løka frå! i djupe natt.

Skvyn løka frå! nå kjem han att.

Skvyn løka for! ved morgongry.

SIEBEL

Ja, bettere syng og syng og ros ho opp i sky!

Meg har ho narra opp i stry.

Når din tur kjem, vil eg knapt halde meg på matra.

Ein tussekall til friar vil bli topp,

med kjæling på ein krossveg midt på natra!

Da kjem ein bulkk frå Bløkkberg i galopp

og brekar til ho om å kysse katar!

Ein bra og ærleg mann av kjøt og blod

for ei som henne? Altfor godt!

Å slå inn rutene hos henne –

det er den helsing eg vil sende!

BRANDER

slår i bordet.

Gjev lyd! Gjev lyd! Eit lite ord

frå ein som veit litt om å leve!

Forlibte folk ved dette bord

kan etter strand og stilling kreve

ein natte-hyllest, ja, eit lite kor.
Eg har ei vise som eg fann,
stem i refrenget, alle manni!

syng:

Og rotta ho sat i kjellarhol,

med smør og fett til futter,

ho dissa med vomma til overmål,

som sjølvaeste Doktor Luther.

Men kokka la ut rottegift,

da måtte ho dra ut på vift,

det kribla i heile kroppen!

KORET

av full bals.

Det kribla i heile kroppen!

BRANDER

Ho pilte hit, ho pilte dit,

og suppa av sølepyttar.

Ho gnog på ein mygla ostebit,

men trur de at den slags nyttar?

Og som ho skvart, i sjokk på sjokk,

snart hadde ho fått meir enn nok.

Det kribla i heile kroppen!

KORET

Det kribla i heile kroppen!

BRANDER

Ho rende heim ved høglys dag,

med kurs mot kjøkkenskapet,

snåva i grua, datt med eit brak,

vart liggjande der og gape.

Da lo den stemme kokka rått:
«Nå kan du berre ha det så godt!»
Det kribla i heile kroppen!

KORER

Det kribla i heile kroppen!

SIEBEL

Dei er jo ikkje til å stryke!
Og synest det er vel og bra
å rydde ut det strakkars dyret!

BRANDER

Du har visst sans for rotter, kva?

ALTMAYER

Din Smørbukk, der du er! Din skalle!
Litt motbør gjer han tam og snill,
den feite rottra kan han kalle
sin dobbelgangar, om han vil.

Faust og Mefistofeles kjem inn.

MEFISTOFELLES

Det skal bli fest som berre faen
på aller første stoppestaden!
Du får ein prøve på det glade liv,
eit populaert og herleg tidsfordriv!
Med lire vidd og mette magari,
dei rører seg i snever ringeldans,
lik kattungar om eigen svans.
Når ikkje hovudverken plagar,
så lenge verren gjev kreditte,
er alle vel tilfreds med sitt.

BRANDER

Det der er ferdafolk, det ser eg
på heile måten desse folkka ter seg.
Dei søker sikkert natteley.

FROSCH

Du har min santen rett! Ein skål for Leipzig by!
Den er eit Små-Paris, og har sitt særprege.

SIEBEL

Kva trur du? Fine eller ei?

FROSCH

Eg går og ser! Med glasert fylt til randa
får eg det grøvste ut av dei,
så lett som det å trekke mjølketanna.
Dei ser ut som dei er av adels-ætt:
Mellomfornøgd, ein stiv og strunk duett.

BRANDER

Marskrikarar, så klart som dagen!

ALTMAYER

Kven veit!

FROSCH

La gå, eg klemmer til!

MEFISTOFELLES

til Faust.

Folk ser nå berre det dei vil,
om Fanden ristar dei i kragen!

FAUST
Ver helsa, mine herrari!

SIEBEL
Mange takk! Godt mot!
Lågt, med ein sideblikk på Mefistofeles.
Han der er halt på hægge fot!

MEFISTOFELES
De tiller at vi set oss her ved border?
Det vantar riktig nok ein utsøkt vin på det,
men kanskje selskapet vil more?

ALTMAYER
De er visst svært så fin på det.

FROSCH
Drog de frå Rippach etter afansongen?
Og de fekk kveldsmat heime hos herr Hans for visst?

MEFISTOFELES
Vi tala lenge med han sist,
så vi var ikkje innom denne gongen.
Men frende-kjensler har han støtt forfakta,
eg hugsar ennå at han bad oss helse slekta.
Han bukkar for Frosch.

ALTMAYER
lågt.
Han der er ingen toski!

SIEBEL
Ein riktig lurifaks!

FROSCH
Eg skal få has på fyren straks!

MEFISTOFELES
Men høyrde eg eit kor i stad?
Har velskolerte stemmer sunge?
Her er nok atterljomen bra,
i slike kvelv må songen runge!

FROSCH
Så herren er ekspert på kor?

MEFISTOFELES
Å nei! Eit svakt talent, men lysten den er stor!

ALTMAYER
Ei vise, takk!

MEFISTOFELES
Om folket insisterer!

SIEBEL
Ei spilder ny, der vil vi ha!

MEFISTOFELES
Ja, vi kjem faktisk rett frå Spania,
eit vakkert land der vin og song flourerer!

sung:
Det var ein gong ein konge,
han hadde ei loppe i lån,
den tok han til sitt hjarta
som var det hans eigen son.
Så henta han sin skreddar

og sa på sin fasjon:
«Sy hoser til Herr Junker
og gjer han fin og fjong!»

BRANDER

Sei til han at om han vil gjere lukke,
må han ta mål det beste han har lært,
og passe på, om han har livet kjær,
at ikkje broka får ei skrukke!

MEFISTOFELLES

I silke og i fløyel
vart loppa stasa opp,
med blonder og med sløyfer,
og ordensband på topp.
Og loppa vart minister
med kross på frakkeslag,
og heile loppeslekta
vart adla neste dag.

Dei fine folk ved hoffet
var ille plaga nå,
der klødde så innmari,
og ingen fred å få.
For det var strengt ulovleg
å knekke løpper der. –
Men vi tar knekken på dei,
så frekke som dei er!

KORET

skrivlar av full bals.
Men vi tar knekken på dei,
så frekke som dei er!

FROSCH
Bravo! Bravo! Det var flott!

SIEBEL

Ja, nå kan loppa ha det så godt!

BRANDER

To fingrar er litt av ei klypetong!

ALTMAYER

Ein skål for friedom og vin og song!

MEFISTOFELLES

Eg skulle gjerne tatt ein skål til friedom aere,
om ikkje husets vinar var så ordinære!

SIEBEL

Nei, ikkje nå igjen! La vere!

MEFISTOFELLES

Dei værde gjester kan få vin av meg,
frå eigen kjellar, vel å merke,
om verren tiller lommelerke?

SIEBEL

Kom med den! Verren fiksar eg!

FROSCH

Eit godt glas vin? Vi seier takk; der er vi svake.
Men viss eg først skal prøvesmake,
ver ikkje altfor knipen, da!
Ein dugleg munnfull vil eg ha!

ALTMAYER

Det viser at dei kjem frå Rhinen!
låg.

MEHSTOFELLES

Eg treng ein bor!

BRANDER

Kva er det nå han vil?
Bak døra har de tønnene med vinen?

ALTMAYER

Der står eit verkryskrin som høyrer verten til.

MEHSTOFELLES

Kva har han lyst på, denne guten?
tar boren. Til Frosch.

FROSCH

Kva meiner De? Har De så mange slag?

MEHSTOFELLES

Ein kvar får velje fritt i dag.

ALTMAYER

til Frosch.

Du sit jo alt og slikkar deg om truten!

FROSCH

Da vil eg sjølvsgt velje rhinskvin, som dei fleste:
Det er mitt eige land som byr det aller beste!

MEHSTOFELLES

borar bol i bordplata midt for Frosch.
Finn fram litt voks, vi må ha proppar til å rette!

ALTMAYER

Kva fantestrekar er nå dette?

MEHSTOFELLES

til Brande:
Og De?

BRANDER

Eg tar champagne-vin,
musserande og fransk og fin!

BRANDER

Mejstofeles borar eit nytt bol. I mellomtida har ein av mennene laga voksproppar og tetta til.

Vi kjem ikkje forbi det utanlandske,
langt borte finst det mykje bra.
Ein ekte tyskar har imot dei franske,
men franske vinar vil han ha!

SIEBEL

medan Mejstofeles nærmar seg plassen barns.
Dei sure likar ikkje eg det granni!
Men søtvin, det er andre saker!

MEHSTOFELLES

borar.
Ein god Tokayer vil nok smake!

ALTMAYER

Nei, sjå meg inni augo, mann!
Eg ser det nå, De berre driv og gjøner.

MEFISTOFELES

Å nei! Med slike stormanns-søner
der vore litt for freidig gjort.
Men ut med språket! Sei det fort:
Kva vin kan eg få lov å by Dykk?

ALTMAYER

Kva vin som helst! Og få det gjort!

MEFISTOFELES

*Etter at han har bora alle høla og tetta dei til.
Med underlege fakter.*

Druer ber vinstokken år om anna,
geirebukken har horn i panna.
Saft i vinen, ved i ranke,
vin kan fløyme av treskurt plankel!
Djupt inn i løynd natur du ser!
Tru på miraklet når det skjer!

Ta proppen ut og berre kjenn!

ALLE

*trekker ut proppane og får kvar sin ønske-
vin i glasset.*

Å ljuve brunn som renn og renn!

MEFISTOFELES

La ingen drope gå til spille enn!

Dei tømmer det eine glasset etter det andre.

ALLE

sung:
Vi har det herleg kannibalsk,
som fire hundre suger!

MEFISTOFELES

Her er kvar einiskild fri og glad; gje akri!

FAUST

Eg såg nok helst vi strauk av garde.

MEFISTOFELES

Nei, vent! Der dyriske i all si prakt
er det dei nå vil openbare.

SIEBEL

*drinke uforviktig, vinen renn ned på golvet og blir til
ein flamme.*

Der brenn! Hjelp! Helheims bål er tent!

MEFISTOFELES

taler til flammen.
Hald fred, mitt kjære element!
til drikkelaget.

For denne gongen var det berre skjærseid-dropar.

SIEBEL

De trur visst at vi er dei reine tåpar,
det får De svi for, berre vent!

FROSCH

Og ein gong til, då er Han ille faren!

ALTMAYER

Enn om vi stilt og roleg bad han luske vekk?

SIEBEL

Kva? Er Han verkeleg så frekk?
Driv hokuspokus her i garden!

MEFISTOFELLES

Hyss, gamle vinfart!

SIEBEL

Kosteskafit!

Du prøver deg igjen? På tomgang!

BRANDER

Å, du skal få ein real omgang!

ALTMAYER

drag ein propp ut av bordet, det slår ild innot han.

Eg brenn! Eg brenn!

SIEBEL

Nå spøker det!

Ein fredlaus sellet! Strikk han ned!

Dei trekker knivar og går laus på Mefistofeles.

MEFISTOFELLES

med høgtidlege fakler.

Synsbedrag og ordmagi
forvillar strad og fantasi!
Ver her og der på same tidi!

Dei står som fjerna og ser på kvarandre.

ALTMAYER

Kvar er eg? For eit valkert land!

FROSCH

Åh, vinberg! Ser eg rett?

SIEBEL

Og druer opp i hand!

BRANDER

Her står vi ute i det grøne,
med drueklasar opp til mønet!

*Han tar Siebel i nasen. Dei andre gjer det same
seg innellom og løfter knivane.*

MEFISTOFELLES

som før.

Villfaring, løys ditt augneband!
til mennene.

Og hugs at Fanden veit å spase!

*Han stikk av, saman med Faust. Vill forvirring blant
drikkebørne.*

SIEBEL

Kva i all verdal!

ALTMAYER

Kva?

SIEBEL

Ein nase?

Heksekjøkken

BRANDER
til Siebel.
Eg står med nasen din i handi!

ALTMAYER
Lirt av eit sjokk, eg er heilt stiv i nakken.
Og beina sviktart, hit med krakken!

FROSCH
Kva tru det var som føregjekk?

SIEBEL
Å, finn eg fyren, skal eg gje han!
Da får han seg ein farleg smekki!

ALTMAYER
Rert ut av kjellardøra bar det med han –
reid på eit vinfat, borte velki! – –
Eg kjenner meg så tung i sessen.
Vender seg mot brander.
Litt vin kan ennå få meg kvessen.

SIEBEL
Juks og bedrag, ballongen sprakk!

FROSCH
Eg tykte tydeleg eg drakk.

BRANDER
Og kva med druene han sende?

ALTMAYER
Kom ikkje her og avskriv unders hendel!

*På ein låg eldstad står det ei stor gryte og puttar
over varmen. I dampen som stig opp, syner det seg
ymse skapnader. Ei marekjetle sit ved gryta og
skummar den, og passar på at det ikkje kokar over.
Marekatten og ungane sit ved sida av og varmer
seg. Vegger og tak er pryda med det raraste beke-
imbu.*

Faust • Mefistofeles

FAUST
Eg avskyr heile kostebinderiet!
Du trur visst dette svineriet
skal få meg til å rette rygg?
Ei gammal kjerring skulle liksom rå meg?
Og dette sølet av eit brygg
ta tretti år av nakken på meg?
Nei, har du ikkje meir på lur,
så takk for meg, da er eg ferdig!
Har ikkje edel ånd og allnatur
tenkt ut ei bøteråd som var meir verdig?

MEFISTOFELLES
Sjå det, omsider ganske kloki!
Du kan bli yngre også på naturleg måte;
men det står skrive i ei anna bok,
og heller komisk vil det låe.